

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 01.12.2017

SAKSHANDSAMAR: Anne Kristin Kleiven/Marit Solheim

SAKA GJELD: Internrevisjon av forskingsaktiviteten i Helse Vest

ARKIVSAK: 2017/3159

STYRESAK: 096/2017

STYREMØTE: 15.12.2017

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek rapport om internrevisjon av forskingsaktiviteten i Helse Vest til etterretning.
2. Framlegg frå administrerande direktør i Helse Førde om vidare arbeid i føretaket vert lagt til grunn.

Oppsummering

Helse Vest RHF har gjennomført revisjon av forskingsaktiviteten i Helse Vest. Revisjonen er forankra i forskingsstrategien til Helse Vest som gjeld perioden 2016-2019, og har sett på korleis aktivitetar knytt til denne fungerer for Helse Vest og universiteta i regionen. Revisjonen er oppsummert i vedlagde rapport. Helse Vest har føresett at rapporten skal leggast fram for styret i føretaka, med plan for oppfølging.

Føremålet med revisjonen har vore å undersøkje korleis forskingsaktiviteten i helseføretaka gjev grunnlag for og legg til rette for kunnskapsoverføring og kvalitetsforbetring. Vi har vurdert korleis gjeldande forskingsstrategi og vedtekne retningslinjer og ordningar er følgde opp. Gjennomgangen har omfatta aktivitet innanfor den felles forskingsstrategien for Helse Vest og universiteta i regionen, forvalting, tildeling og bruk av forskingsmidlane frå Helse Vest.

Hovudkonklusjonen er at Helse Vest si forvalting av forskingsaktiviteten i helseføretaka i all hovudsak fungerer tilfredstillende. Det vert likevel peika på nokre forbetningsområde. Dei mest sentrale er:

- Retningslinjer og prosess for tildeling av forskingsmidlar bør gjerast tydelegare
- Det må satsast meir på å formidle forskingsresultat
- Det bør bli betre systematikk og reell brukarmedverknad

Revisjonen gjev tilråding om forbetringstiltak til Helse Vest RHF og føretaka. Særleg er det peika på at føretaka må arbeide meir aktivt med formidling av forsking. Føretaka er bedde om å lage handlingsplan for å følgje dette opp.

Fakta

Våren 2017 vart det gjennomført internrevisjon av utvalde deler av forskingsaktiviteten i Helse Vest. Revisjonen er avgrensa til den aktiviteten som inngår i den felles forskingsstrategien for Helse Vest og universiteta i regionen. Alle delemlna som inngår i revisjonen, er forankra i strategidokumentet for åra 2016-2019.

Gjennomgangen er avgrensa til forvalting, tildeling og bruk av forskingsmidlane og dei øyremarka midlane til forsking som går via det det regionale helseføretaket. Revisjonen omfattar altså ikkje bruken av interne forskingsmidlar i føretaka, og heller ikkje forsking finansiert frå kjelder utanfrå Helse Vest RHF.

Føremålet med revisjonen har vore å undersøkje korleis forskingsaktiviteten i helseføretaka gjev grunnlag for kunnskapsoverføring og kvalitetsforbetring, ved å sjå på korleis gjeldande forskingsstrategi og vedtekne retningslinjer og ordningar er følgde opp.

Revisjonen har kartlagt og vurdert følgjande problemstillingar:

- Korleis har ordninga med tildeling av regionale forskingsmidlar blitt følgt opp i 2016?
 - Korleis har administrasjonen følt opp ordninga i si saksbehandling, og overfor søkerane?
 - Korleis har krava til vektlegging av både kvalitet og nytte blitt følt opp i 2016?
- Korleis legg ein opp til nytte og læring undervegs og etter at prosjekta er avslutta? (forskinsformidling)
- Korleis blir krav om brukarmedverknad i forskingsprosjekt følt opp og organisert?
- Korleis blir forskingsstrategi for Helse Vest 2016-2019 følt opp og organisert?

Helse Vest har bedt alle føretaka leggje revisjonsrapporten fram for styra. Styresaka skal innehalde ein handlingsplan frå administrerande direktør for oppfølging av tilrådingane som gjeld føretaka. Dette gjeld forskingsformidling.

Vedteken handlingsplan om forskingsformidling skal sendast internrevisjonen etter handsaming i styret. Helse Vest vil følgje opp etter ei tid med førespurnad om status på gjennomføring av handlingsplanen. Det vert lagt til grunn at administrerande direktør har tilsvarende rapportering til styret i helseføretaket.

Internrevisjonen har nytta standard revisjonsmetodikk; gjennomgang av dokument, statistikk over forskingsaktiviteten, intervju med leiarar og involverte forskrarar.

Hovudkonklusjonen er at forvaltinga til Helse Vest av forskingsaktiviteten i helseføretaka i all hovudsak følgjer opp desse på en tilfredstillande måte.

Revisjonen si vurdering er at gjennom den måten prosjekta vert valde ut og forskarane følgde opp, vert grunnlaget for kunnskapsoverføring og kvalitetsforbetring betra, både internt og mot omverda. Revisjonen meiner især at det har hatt verdi å leggje auka vekt på

- å vurdere klinisk nytte
- brukarmedverknad
- formidling ved publisering i vitskaplege tidsskrift.

Dei mest sentrale vurderingane frå revisjonen er følgjande:

1. Retningslinjer og prosess for tildeling av forskingsmidlar:
 - Det må leggjast meir vekt på grunngjeving for avslag på søknaden, då dette vil gje søkerane rettleiing for vidare forskingsarbeid.
 - Vurderingskomitéane bør i større grad ha ei skriftleg sakhandsaming.
 - Heimel for avgrensing av klager må gjerast klarare, for å unngå tvil om juridisk grunnlag.
2. Formidling av forsking:
 - Både regionalt og i helseføretaka bør det vurderast nye metodar og tiltak for å spreie kunnskapen frå forskingsprosjekta. Dette bør skje i nært samarbeid mellom kommunikasjonsavdelingar, forskingsadministrasjonen og forskarteam.
3. Brukarmedverknad:
 - Etablere systematikk for skriftlege evalueringar frå brukarrepresentantar i forskingsprosjekt.
 - Utarbeide metode (og skildring av denne) som sikrar at brukarmedverknad får reell nytte.
 - Innføre at forskarane rapporterer korleis den faktiske brukarmedverknaden har vore i sin årlege statusrapport.

Oppfølging:

Rapporten føreslår at det regionale nivået bør følgje opp forbetningspunkt 1 – 3, og at kvart føretak skal ha ansvar for å styrke formidlingsaktiviteten. Samstundes vert det føresett at leiinga - både regionalt og lokalt - held fram med å vere pådrivarar for reell og realistisk brukarmedverknad.

Kommentarar

I Helse Vest vart det brukt 708 mill. kroner til forskingsføremål i 2016. Dei to universitetssjukehusa i Stavanger og Bergen står for 93 prosent av den samla ressursbruken til forsking i HV. Kjeldene for forskingsmidlane er

- basisløying til kvart helseføretak
- øyremerka midlar til forsking via Helse Vest
- nasjonale og internasjonale midlar

25 prosent av dei 708 mill. er øyremerka midlar via Helse Vest. Midlane er i hovudsak er konkurranseutsette og forvalta av samarbeidsorganet mellom Helse Vest, Universiteta i Bergen og Stavanger og Høgskulen på Vestlandet. Midlane skal tildelast i tråd med forskingsstrategien. Ulike sider ved forvalting av desse midlane har vorte reviderte.

Helse Førde brukte i 2016 11,2 mill. til forsking. Dette utgjer 0,4 prosent av samla driftsutgifter. Helse Førde sin andel av driftsmidlane nytta til forsking, er framleis lågast av føretaka. Forskings- og innovasjonsstrategien til føretaket har mål og tiltak for å auke delen av midlar nytta til forsking. Bruken av midlar har auka svakt, men jamnt. Veksten skuldast i hovudsak at føretaket har søkt og fått eksterne midlar.

Om forbettingsområda:

- **Tildeling og vurdering**

Revisjonsrapporten skildrar sakshandsaming for vurdering og tildeling av regionale forskingsmidlar, og korleis søknader om forskingsprosjekt til Helse Vest vert handsama i føretaka. Helse Førde er ikkje nemnde spesifikt på dette området. I Helse Førde er det etablert rutine for sakshandsaming. Det vert gitt rettleiing til søkerane etter behov. Søknadene går i linja, via klinikkdirektør, vert sakhandsama og vurderte av fag- og utviklingsavdelinga v/sekjon for forsking og innovasjon og utviklingsdirektør før oversending til Helse Vest.

Samarbeidsorganet for forskning og innovasjon mellom Helse Vest og universiteta har hovudansvar for oppfølging av denne tilrådinga, og det er sett i gong arbeid med å følgje opp tilrådingane. Hovudsakleg vil endringane skje i regional sakshandsaming. Helse Førde vil setje i verk tiltak som er aktuelle hos oss.

- **Formidling av forsking**

Revisjonen tilrår at ein regionalt og i helseføretaka vurderer nye metodar og tiltak for å spreie kunnskapen frå forskingsprosjekta i eit samarbeid mellom kommunikasjons-avdelingar, forskingsadministrasjonen og forskarteam. Revisjonen peikar på at føretaka bør utfordrast på å konkretisere formidlingstiltak.

I forskingsstrategien til Helse Vest står det at forskinga skal vere til nytte for pasienten og tenesta, og at forskingsresultata skal formidlast til brukarar, behandlarar, styremakter og befolkninga. Både det regionale og det lokale nivået har ansvar for formidling.

Helse Førde har formidlingsaktivitetar, men ser behov for å styrke og utvikle formidlinga og metodane som vert nytta. Arbeidet må verte meir systematisk og gjentakande.

Forskningsformidling femner breitt og bør ha mange ulike målgrupper: Pasientar og pårørande, helsepersonell, styremakter, media og folk flest. Forskningsformidling inkluderer vidare mange ulike aktivitetar, former og kanalar. Det føreset profesjonell kompetanse og støtte, og at organisasjonen prioriterer dette. Arbeidet med forskningsformidling internt og eksternt må i framtida ha systematikk og breidde.

- **Brukarmedverknad**

Dei nasjonale retningslinjene for brukarmedverknad i helseføretaka tok til å gjelde i 2015. Vi har difor relativt kort erfaring med korleis ein i praksis skal oppfylle kravet om større brukarmedverknad. Nasjonalt vert rolleavklaring og opplæring for både forskarar og brukarar vektlagt, og regionalt er eit e-læringskurs under utvikling. Det er opp til søkerane å definere kva rolle brukarrepresentanten er tiltenkt i det enkelte prosjekt.

Revisjonen tilrår nokre nye tiltak på regionalt nivå, adressert til Kompetansesenter for klinisk forsking i Helse Vest. Samstundes er det føreset att leiringa i helseføretaka held fram med å vere pådrivarar for reell og realistisk brukarmedverknad. Dette er viktig for at forskingsmiljøa skal finne fram til og skildre brukarmedverknad i rett form og på rett nivå.

Brukarrepresentantar deltek i styringsgrupper og samordningsorgan for forsking i Helse Førde. Forskningsgruppa «Psykisk helse og rus» har omfattande erfaring og kompetanse med brukarmedverknad i forsking, og med dette bidrige til bakgrunnen for tiltaka i Helse Vest på området. Fleire personar med brukarerfaring har gjennomgått kompetansetiltak innan forsking, og er aktive medlemmar i forskningsgruppa og i annan forskingsrelatert verksemd, som konferansar og formidling. Helse Førde må byggje vidare på arbeidet og kompetansen til denne gruppa, og arbeide meir systematisk for å vere pådrivarar for brukarmedverknad i forsking også innanfor andre fagområde.

- **Samarbeid**

Revisjonsrapporten vektlegg at både dei store og dei mindre helseføretaka har behov for auka samhandling mellom helseføretaka i regionen, og at dei store helseføretaka har eit særleg ansvar for dette.

Eit aktivt regionalt samarbeid er svært viktig for Helse Førde. Dette stiller også krav til om lokal forskarkompetanse og miljø med kapasitet nok til å vere attraktiv samarbeidspart. Det føreset også leiarstøtte og ein forskingsorganisasjon tilpassa auka forskingsaktivitet. Vidare krev det klare ambisjonar og verkemiddel, slik at Helse Førde, som eitt av dei mindre helseføretaka, utviklar offensive og konkurransedyktige forskingsmiljø og evnar å leie regionale samarbeid.

Helse Førde sitt vidare arbeid – handlingsplan

Helse Førde vil gjennomføre følgjande aktivitetar for å imøtekome dei tilrådingane som er gitt i rapporten.

- Følgje opp regionalt arbeid på forbetring av rutinar for tildeling og forvaltning

- Styrke brukarmedverknaden
 - Utvide bruken av erfaringskonsulentar i prosjekt
 - Nyte brukarutval og ungdomsråd som rådgjevarar på systemnivå
 - Ta i bruk regionale verktøy som e-læringskurs, og følgje opp eventuelle nye regionale føringar om brukarmedverknad
- Styrke og vidareutvikle formidlingsaktiviteten
 - Utarbeide kommunikasjonsplan for forsking i Helse Førde som omfattar både intern- og ekstern kommunikasjon innan 15. mars. Ansvar: seksjon for Forsking og innovasjon, kommunikasjonsavdelinga.
 - Planen skal skildre aktivitetar og systematikk i formidlingsaktivitetet, t.d. gjentakande aktivitet som årlege forskingsdagar og andre formidlingsaktivitetar.
 - Forskarar og kommunikasjonsarbeidarar skal samarbeide om å utvikle planen. Kommunikasjonsavdelinga har ansvar for å starte arbeidet, og FOU-seksjonen peikar ut deltakande forskarar. Erfaringskonsulentar og/eller brukarrepresentantar frå brukarutvalet vert inviterte til planarbeidet.
 - Registrere prosjekt i nasjonal forskingsdatabasen Cristin, og slik gjere desse kjende for andre forskarar.

Konklusjon

Administrerande direktør sluttar seg til tilrådingane frå rapporten.

Føretaket vil framover ha fokus på å gjennomføre dei tiltaka som er skildra i denne saka. Det vil bli utarbeidd ein handlingsplan som vert lagt fram for styret på eit seinare tidspunkt, og som vil bli følgd opp i dialogar med Helse Vest.

Vedlegg:

1. Rapport Internrevisjon av forskingsaktiviteten i Helse Vest